

## G15-laget til kretssluttspel.

03.11.2019



Desse gutane sikra seg puljesiger og sluttspelplass.

**Vi kan gratulere G15-laget til Uskedal/Rosendal med ein flott fotballsesong. Etter at dei laurdag vann 2-1 over Follесе/Askøy/Hetlevik, gjekk dei heilt til topps i si pulje, og dei er no klare til å møte andre puljevinnarar til sluttspelkampar. Vi kryssar fingrar og ønskjer dei lukke til i dei komande kampane.**

Dei som no er G15-laget, starta opp med organiserte treningar då dei gjekk i første klasse. Tommy Eidsvik og Kjetil Myklebust har heile tida samarbeidd om trenar- og oppmannsarbeidet, men Kjetil Myklebust gjev Tommy tittelen hovudtrenar. Lenge var dei eit reint Uskedalslag, og i 2017 var dei første reine Uskedalslag som deltok i Norway Cup.

Før inneverande sesong trong dei fleire spelarar, og dermed vart det samarbeid med Rosendal turnlag. Då fekk også Kjetil og Tommy med seg Solveig Hus Hansen som oppmann. No er det spelarar frå heile strekningen frå Uskedalen til Mauranger på laget.

Laurdag var laget til Follесе, og etter ein jamn kamp sikra dei seg 2-1 siger og 3 viktige poeng etter scoringar av Jonas Næs Huke og Mathias Nilsen Børve. Dermed var puljesigeren i boks. Uskedal/Rosendal slutta på 25 poeng medan Østsidan Askøy blei nr. 2 med 22. Desse spelarane var med i troppen til kampen: Jonas Solli Søllesvik, Eirik Eriksen Steinsvik, Marius Kyrkjeeide Eidsvik, Anders Isdal Myklebust, Tørres Tungesvik Myklebust, Martin Nistad Lea, Jakob Seim Steffensen, Theodor Bartlett Enes Mehl, Jonas Næs Huke, Andreas Hansen, Kristian Da Silva Øvstebø, Mats Kyrkjeeide Eidsvik, Andreas Hauge Myklebust, Mathias Nilsen Børve og Magnus Enes.

Vi nemner også at laget sin særdeles talentfulle keeper, Karsten Bjørnebøle, var forhindra i å spela kampen. Han var nemleg opptatt med ei samling for talentfulle keeperar i Bergen. Jonas Solli Søllesvik vikarierte på ein flott måte.

No er altså laget klart for sluttspel mot andre puljevinnarar. I skrivande stund er det ikkje klart kven dei møter, med etter det vi kjenner til vert det spela både heime- og bortekamp, og vinnar går vidare til neste runde. Vi ønskjer dei unge, flinke spelarane lukke til. Vi gratulerer også trenarapparatet, og bøyer oss støvet for Tommy Eidsvik og Kjetil Myklebust som har fulgt opp laget heilt frå dei starta i 1. klasse til dei no er i gang med 10. klasse. Det blir mange timar innsats!!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Sigurd Børve.